

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Asmund Berthelsen, SV, sette på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Forslag til uttale

Opplæring- og kompetansesektoren har svært mykje å seie for Vestlandsamfunnet. Gjennom samfunnssoppdraget vårt skal me skape vekst og utvikling i heile fylket, utjamne sosiale skilnader mellom barn og unge og møte innbyggjarane våre med tilbod med høg kvalitet. Opplæring og kompetanse har eit breitt spekter av oppgåver. Dette krev eit mangfald av tilbod og løysingar. Opplæring er ein stor og arbeidsintensiv sektor, og det er saman med våre dyktige tillsette me løyser samfunnssoppdraget og når dei måla fylkestinget har sett for Vestland fylkeskommune. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil løfte fram det fantastiske arbeidet som skjer i opplæringsfeltet i sektoren.

I sak om budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument - hovudutvalshandsaming peikar fylkesrådmannen på elevtalsutviklinga og større del av elevar på yrkesfag. Dei to første åra er det ein liten nedgang (kjelde SSB), men i 2025 vil det vere om lag 576 fleire 16-18 åringer i Vestland fylke. Fylkesrådmannen slår med rette fast at dreilinga frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram utfordrar tilbodsstrukturen og dei økonomiske rammene fordi dei yrkesfaglege tilboda har færre elevar pr. klasse. Overgangen er ei ynskt utvikling og vidare arbeid i den leia krev rom i dei økonomiske rammene for sektoren.

Vidare vil hovudutvalet peike på behovet for å auke opp tal klassar yrkesfag i Stor-Bergen. Utvalet syner her til politisk sak 19/21 og 20/21.

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse viser også til brev frå Utdanningsforbundet Vestland 27.4.2021 og brev frå Utdanningsforbundet sine tillitsvalde på dei vidaregåande skulane nord i fylket (tidlegare Sogn og Fjordane)

Utvalet finn det rett å synleggjere dei tilsette sine bekymringar for konsekvensane av dei økonomiske rammene til sektoren når handsaminga av budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025 startar.

Fylkestinget vedtok i desember 2020 temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring» med klar ambisjon om at elevar i Vestland skal ha det beste opplæringstilbodet. Dei økonomiske rammene til sektoren må være tilstrekkelig til å nå måla fylkeskommunen har sett for utviklinga av den vidaregåande skulen.»

Rosalind Fosse, FrP, sette fram slikt forslag:

«OPPKO tar saken til orientering.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Auke rammene for opplæringstilbodet: (a)

1. Utvalet for opplæring og kompetanse innstiller Fylkes/finansutvalet om å sikre store nok økonomiske rammer til opplæringssektoren slik at det ved neste utlysing av opplæringstilbodet, blir sett i gang tilbod der ein veit at næringslivet har behov for faglært arbeidskraft, og lærepllassar finns, og kapasiteten finns på skulane våre. (som til dømes Vg1 naturbruk ved Austrheim.)»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Sjå næring og opplæring i hop: (b)

Utvalet for opplæring og kompetanse oppfordrar finansutvalet om å sette av resursar for å kartlegge potensielle lærepllassar og matche dette med forslag til utlysing av

studietilbod som kan imøtekommme behovet for lærlingar, ved fylkeskommunen sine skular.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Samferdsle knytt til utdanning: (c)

Fylkes/finansutvalet må ta omsyn til at skular og elevar skal ha eit velfungerande kollektivsystem, som kan motverke negative konsekvensar for elevar slik ein til dømes har sett ved Stad skule.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt forslag fekk 11 røyster og vart vedteke mot 4 røyster (3 H og FrP).

Fosse sitt forslag fekk 2 røyster (FrP og FNB) og falt.

Syversen sitt tilleggsforslag, (A) fekk to røyster (R og A, Tanaia) og falt.

Syversen sitt tilleggsforslag, (B) fekk ei røyst (R) og falt.

Syversen sitt tilleggsforslag, (C) fekk ei røyst (R) og falt.

Uttale

Hovudutvalet viser til vedlagt arbeidsdokument nr. 2/21 som kjem til handsaming i finansutvalet sitt møte 1. juni.

Hovudutvalet har følgjande innspel til arbeidsdokumentet nr. 2/21:

Opplæring- og kompetansesektoren har svært mykje å seie for Vestlandsamfunnet. Gjennom samfunnsoppdraget vårt skal me skape vekst og utvikling i heile fylket, utjamne sosiale skilnader mellom barn og unge og møte innbyggjarane våre med tilbod med høg kvalitet. Opplæring og kompetanse har eit breitt spekter av oppgåver. Dette krev eit mangfold av tilbod og løysingar. Opplæring er ein stor og arbeidsintensiv sektor, og det er saman med våre dyktige tillsette me løysar samfunnsoppdraget og når dei måla fylkestinget har sett for Vestland fylkeskommune. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil løfte fram det fantastiske arbeidet som skjer i opplæringsfeltet i sektoren.

I sak om budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument - hovudutvalshandsaming peikar fylkesrådmannen på elevtalsutviklinga og større del av elevar på yrkesfag. Dei to første åra er det ein liten nedgang (kjelde SSB), men i 2025 vil det vere om lag 576 fleire 16-18 åringer i Vestland fylke. Fylkesrådmannen slår med rette fast at dreininga frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram utfordrar tilboddssstrukturen og dei økonomiske rammene fordi dei yrkesfaglege tilboda har færre elevar pr. klasse. Overgangen er ei ynskt utvikling og vidare arbeid i den leia krev rom i dei økonomiske rammene for sektoren.

Vidare vil hovudutvalet peike på behovet for å auke opp tal klassar yrkesfag i Stor-Bergen. Utvalet syner her til politisk sak 19/21 og 20/21.

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse viser også til brev frå Utdanningsforbundet Vestland 27.4.2021 og brev frå Utdanningsforbundet sine tillitsvalde på dei vidaregåande skulane nord i fylket (tidlegare Sogn og Fjordane)

Utvalet finn det rett å synleggjere dei tilsette sine bekymringar for konsekvensane av dei økonomiske rammene til sektoren når handsaminga av budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025 startar.

Fylkestinget vedtok i desember 2020 temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring» med klar ambisjon om at elevar i Vestland skal ha det beste opplæringstilbodet. Dei økonomiske rammene til sektoren må være tilstrekkelig til å nå måla fylkeskommunen har sett for utviklinga av den vidaregåande skulen.

